

Referat frå foreldremøte tysdag 7. mai 2019

Felles, 1. og 2. klasse:

- Det har vore ein god start på prosjektveka i mat og helse.
- Tysdag 7. mai hadde 1.- 4. klasse turdag til Hodnekletten. Imponert over alle barna, dei lekte godt i lag på tvers av alder. Hugs å sjekke etter flått.
- FAU treng ny leiar frå neste år. Tenk på om det er noko du har lyst til.
- Informasjon om Sommarles – ein kan registrera seg på sommarles.no. Ein får premie etter kor mykje ein les. Skulen vil tipse oss til å skape motivasjon for lesing i ferien. Viktig og halde ved like. Sommarles opnar 1. juni.
- Leiketimane på torsdagar er veldig vellykka. Elevane storkosar seg med leik på tvers av grupper. God effekt på det sosiale miljøet.

1. klasse:

- Klassekontakt for neste år vert Hanne Bertheussen
- Bjørg har hatt Carlsten leseprøve med elevane og gjennomført to kartleggingsprøver frå udir. Ho fortel at alle elevane har hatt stor framgang og utvikling i lesing dei siste vekene.
- Bjørg høyrer kvar elev i leseleksa kvar dag, og elevane har tilgang til nivålesingsbøker i klasserommet.
- Bjørg fortel at vi har lydige barn som har det kjekt i lag. Ho fortel at ho kan gå frå klasserommet for å hente noko mens dei sit og jobbar.
- Elevane har laga egne bøker, friskriving.
- Bjørg fortset som kontaktlærer i 2. klasse.
- I norsk jobbar dei mye på data nå. Dei øve på pålogging og på å skrive på data. Bjørg venter med innlæring av Canvas. Canvas er tilsvarande itslearning, som kommunen har brukt til nå.
Dei har også aktiviteter med løko og ordjakt. Og andre oppgaver med skriving for å halde stavskrifta ved like.
- Viktig med lesing, prioriter leselekser. Elevane treng ikkje å jobbe 30 min på multi smart øving, men fint om dei får gjort litt.
- Eit tips frå Bjørg – snakk engelsk heime, kan bruke orda på vekeplanen til hjelp.

Referent: Elin Kaspara Lie